




### Juss på norsk

Den tredje leiaren i Noregs Mållag, jussprofessor Nikolaus Gjelsvik, gjorde rettsmålet her i landet norskare og enklare å forstå.

SIDE 14–17



### Kritisk til språkhistorieverk

– *Norsk språkhistorie* inneholdt for mange feil, meiner UiO-professor Sverre Stausland Johnsen.

SIDE 12–13



### Pris til Jakob og Neikob

Kari Stai fra Inderøy har fått Nynorsk barnelitteraturpris 2018 for *Jakob og Neikob og Alle Andre*.

SIDE 24

# Norsk Tidend

medlemsblad for Noregs Mållag

nr. 4  
september 2019



## Språkrøkt i Skandinavia

I nabolanda våre er det først og fremst høgresida som vil verne om nasjonal-språket. Kvifor er det blitt slik?

SIDE 4–7

## Ein verdfull språkark

**NT** Då den forre danske regeringa for snart to år sidan avgjorde å flytte Dansk Sprognævn ut av København og til Bogense, ein liten landsby nord på Fyn, kom dei sterkeste politiske protestane frå Dansk Folkeparti. Av og til kan desentralisering vere eit gode, men den danske systerorganisasjonen til Språkrådet har tvillaust eit svakare spelrom så langt frå hovudstaden og institusjonar dei jobbar med og for. I april vart dei flytta.

**NT** For oss nordmenn er det lett å ta kampen for nasjonalspråket for gitt. Vi kan rett nok krangle om norskens plass i akademia, men vi kan vere ganske trygge for at verken OsloMet-rektor Curt Rice eller andre skuldar oss for å vere høgrenasjonalistar om vi talar norsk si sak. Slik er det ikkje i dei skandinaviske nabolandene våre.

**NT** Både i Sverige og Danmark er den nasjonale kulturarven blitt ei populær sak for dei populistiske partia på den politiske høgresida. «Trygghet og Tradition» er slagordet til Sverigedemokraterna, eit parti som 17,5 % av svenskane røysta på ved valet i 2018. Frå ein slik ståstad blir språket vårt noko som me må ta vare på fordi alt nytt er litt skummelt. Fordi nokon, anten me snakkar om innvandrarar eller det er globalistar, representerer noko som det gjeld å halde på god avstand. I eit slikt perspektiv blir språkleg proteksjonisme alt anna enn vakkert. Det blir farleg.

**NT** Fagfolka i dette bladet peikar på at den interne språkkampen i Noreg har halde språkinteressa i hevd i breie lag av folket, og at det er noko av forklaringa på kvifor høgresida her ikkje kan ta monopol på spørsmål som gjeld språk og nasjon. Det er ein svært viktig arbåt å forvalte.

ASTRID MARIE GROV

### Utgjeven av Noregs Mållag

Avisa blir redigert etter Redaktørplakaten.

**Tilskrift:** Lilletorget 1, 0184 OSLO

**Redaktør:** Astrid Marie Grov,  
astrid.grov@nm.no,  
tlf. 23 00 29 32

**I redaksjonen:**  
Hege Lothe, Erik Grov

**Heimeside:** [www.nm.no](http://www.nm.no)

**Abonnement:** 250 kroner per år

**Utforming:** Audun Skjervøy, Språksmia AS  
smia@spraksmia.no

Nå har Kulturdepartementet endeleg komme med dokumentet som målrørsla har venta på i vinter og vår. Heilt tilbake i 2012 stod det i proposisjonen til statsbudsjettet at departementet skulle vurdere korleis Språkrådets verksemnd kunne bli forankra i ei meir overordna språklov. Først hausten 2019 har vi altså fått eit høyringsnotat og utkast til **lov om språk**.



# Med lov skal s

**FRAMLEGGET TIL SPRÅKLOV** tar opp i seg den gamle mållova, men femnar breiare og slår fast statusen til norsk språk, urfolksspråk, norsk teikn-språk og nasjonale minoritetsspråk.

Nynorsken som eit mindre brukte språk treng eit anna vern enn bokmålet, og det er nytt at lova syner at regeringa ser og meiner dette. Lova seier at offentlege organ faktisk skal fremja nynorsk. At regeringa nå legg vekk omgrepet «målform» til fordel for «språk», er noko Noregs Mållag har ønskt seg lenger og er eit signal om å styrke statusen til nynorsk.

**PÅ EITT VIKTIG** punkt er høyringa likevel delt. Det er så ein anar at her har ikkje regjeringspartia greidd å bli einige. Spørsmålet går på om det skal gjelde same språkreglar for dei nye fylkeskommunane som dei reglane som nå gjeld for statlege verksemder. Går dette alternativet igjennom, tyder det at fylka må svara ein privatperson på det språket personen sjølv brukar. Altså at om eg skriv til Trøndelag eller Troms og Finnmark, så pliktar byråkratane i desse fylka å svara meg på nynorsk.

Alternativet lanserer også ein ny måte å bestemme det offentlege skriftspråket hos fylkesmann og fylkesadministrasjon på. Eit fylke skal berre kunne vera «eittspråkleg» dersom eit reint fleirtal av kommunar har valt bokmål eller nynorsk. Det kjem til å gjelde Vestland og Møre og Romsdal (nynorsk) og Troms og Finnmark, Trøndelag, Oslo og Viken (bokmål). I språknøytrale fylke der minst ein firedel av kommunane er nynorskkommunar, skal administrasjonen bruke minst 25 % nynorsk i

**NT LEIARTEGEN**



MAGNE AASBRENN  
*leiari i Noregs Mållag*

utetterretta informasjon. I nøytrale fylke som har minst tre nynorskkommunar, skal administrasjonen nytte minst 10 % nynorsk.

Det tyder at Agder og Vestfold og Telemark fylke må nytte minst 25 % nynorsk. I Innlandet skal det nyttast minst 10 % nynorsk. Ein sjekk på nettsidene til desse fylka i dag viser at nynorskprosenten er bortimot null. Altså vil lovpåleggja føre til ein klar framgang for nynorsk i det offentlege.

**ROGALAND ER EIT** vanskelegare tilfelle å vurdere.

På grunnlag av dei gjeldande teljereglane skriv fylkesmannen og andre regionale statsorgan i Rogaland nynorsk i dag, men denne statusen vil bli endra til nøytralt dersom kommunesamslåingar og språkvedtak går slik det ser ut nå. Administrasjonen i Rogaland fylke nyttar svært lite nynorsk i dag.

Etter alternativet i lovframlegget skal både fylkesmannen i Rogaland og fylkeskommunen nytte minst 25 % nynorsk. For fylkeskommunen sin del er dette identisk med det Rogaland vedtok i sin eigen fylkesplan før jul i 2018.



Illustrasjon: Kjartan Helleve

# Språk byggast

Dermed blir det eit nynorsk-tap (som alt er venta med mållova vi har nå) hos fylkesmannen, men det tapet blir til dels kompensert med meir nynorsk i fylkeskommunen.

**PÅ PLUSS-SIDA I** det nye lovframlegget må ein føre opp at departementet føreslår at det blir stilt krav til at statsorgan har namn på norsk som følger offisiell rettskriving. Det vil gjera at vi ikkje får fleire OsloMet- og Bane NOR-fadesar som namn på offentlege institusjonar.

**SJØLV OM DET** er fleire gode tiltak i lovframlegget, er det likevel manglar.

At regjeringa føreslår at å meistre både nynorsk og bokmål ikkje lenger skal vera ei tenesteplikt for statstilsette, er Noregs Mållag svært kritisk til. Om det er eit ansvar berre nynorskbrukarane skal ha i administrasjonane, vil det svekke kravet til at alle i landet skal lære nynorsk i skulen.

**SANKSJONAR ER DET** tiltaket Noregs Mållag saknar mest i lovframlegget.

Historikken om korleis institusjonane følgjer mållovspåbod viser at sanksjonar trengst. Berre å få ein årvisse reprimande frå Språkrådet er ikkje tilstrekkeleg for å få institusjonane til å skrive nynorsk. Da SAS lanserte nye nettsider i 2017, reagerte Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) med å seia at selskapet kunne bli bøtelagt om det ikkje følgde krava til universell utforming av IKT. Det er på høg tid at lova gir Språkrådet same moglegheit for sanksjonar som den Difi har.

Den nye språklova må gi Språkrådet høve til å gi bøter, og det bør både kulturministeren og Stortinget nå sjå. Alternativet er at vi går mot nye tiår med lovbro i fullt dagslys frå statsfinansierte institusjonar. Det hjelper ikkje om lova blir aldri så ny, om dei ho er laga for, i praksis ikkje følgjer ho.

*Den nye språklova  
må gi Språkrådet  
høve til å gi bøter,  
og det bør både  
kulturministeren  
og Stortinget  
nå sjå.*

## NT SAGT

Bank-ID leverer på nynorsk i dag. Og hva passer vel bedre enn «audmjuk stakk», «venleg elsk» og «mjuk magi» på selveste brylupsdagen.

**@frekheggem på Twitter**

Kunne ikkje fordra Ivar Aasen. Så vaks eg opp.

**@jvik89 på Twitter**

Kassamannen på Kiwi i Fredrikstad siterte Shakespeare (Hamlet) på nynorsk for meg da eg handla der i dag.

**@magneaasbrenn på Twitter**

– Hva er du villig til å gå i demonstrasjonstog for? – Mer nynorsk på skolen. Nå som jeg endelig er ferdig med det, må vi sørge for at de som går på skolen etter meg, ikke slipper unna nynorsken.

**Intervju med Sola-spelar Sebastian Sebulansen i Rogalands Avis**

Husker jeg ble intervjuet, og portrettet ble skrevet på nynorsk. Jeg siterte faren min som hadde solgt Krigsropet, og en kunde spurte han «hvordan han kunne si at denne Frelsesarme-advokaten var en fin fyr. «Fordi han er sonen min, svara far min» ... låter mye sterkere ...

**@BNMeling på Twitter**

Kudos til @erna\_solberg for å trekke fram nynorsk som ei sak der ho er ueinig med partiet sitt.

**@emiers på Twitter**

– Fordi nynorsk var komisk og klovnenese var komisk, så tenkte jeg at da må begge deler på en gang være dobbelt så morsomt.  
– Var det det?

– Jeg tror det var greit, men antakelig ikke så morsomt som jeg hadde sett for meg.

**Knut Nærum til VG**

«Høgre vil ha ei målform i den nye kommunen som sidestiller bokmål og nynorsk.»

**Innlegg av ordførar Dag Olav Tennfjord i Sunnmørsposten 5. august.**

Hadde det ikke vært for nynorsken, hadde det norske språk allerede vært utryddet!

– Hva mener du med det?  
– Nynorsken holder stillingen.

**Dag Solstad i Morgenbladet**

Satan snakket først klingende bokmål, men så skjønte jeg at noe manglet. Og da han begynte å snakke nynorsk, løsnet det veldig. Så da måtte jeg gå tilbake og endre alt han hadde sagt så langt, sier Loe, som mener dette gjør Satan mer menneskelig. Han blir en lunere type. Myk og litt varm, på en måte. Jeg likte ham mye bedre etterpå.

**Erlend Loe om boka Helvete i VG**

I Noreg er det den politiske venstresida og sentrumspartia som først og fremst vil verna språket vårt mot engelsk. Men i nabolanda våre er **kampen for nasjonalspråket** blitt ei sak for partia på ytste høgre fløy.

# Skandinavane og nasjonal- språket



**«MIT HÅB ER,** at vi efter valget får vedtaget en sprogllov, der knæsætter en aktiv sprogpoltik, så vi kan få vendt udviklingen til gavn for det danske sprog i stedet for den afvikling, vi oplever i visse dele af erhvervslivet og på uddannelsesinstitutionerne. Dette sa kultur- og skulepolitiske talsperson i Dansk Folkeparti, Alex Ahrendtsen, til Den Danske Sprokgreds, ei foreining som «arbejder for at bevare det danske sprog som fundamentet for dansk kultur og samfund» i mars i år.

Her på berget har ei ny språklov vore i emning i mange år og gjennom fleire regjeringsar. Til sist vart det noverande kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande frå Venstre som skulle gjera alvor av planane; i haust sende ho eit framlegg til ny språklov på høyring. I framlegget står det mellom anna: «Fordi posisjonen til norsk i dag er [...] under press frå engelsk i fleire sektorar, føreslår departementet å slå fast i ei eiga føreseggn i språklova kva status norsk språk skal ha i Noreg.»

Vår eigen kulturminister er med andre ord heilt på linje med den danske politikarkollegaen sin i å ønskja å verna om nasjonalspråket. Men Alex Ahrendtsen tilhører eit parti som allmennpolitiske ligg temmeleg fjern frå dei som frontar språkkampen i Noreg. Dansk Folkeparti er eit høgre-populistisk parti. Dei profilerer seg særleg på å vera innvandringskritiske



**DANSK HISTORIKAR:** Rasmus Glenthøj er lektor, ph.d., ved Syddansk Universitet i Odense i Danmark.

Foto: Henrik Løfqvist

og til dels kritiske til klimauroa. Ved valet tidlegare i år fekk partiet 8,7 % av røystene, men var ved valet i 2015 Danmarks nest største parti med over 20 %.

## – Språkrøkt er ikkje noko ein gjer

Rasmus Glenthøj er lektor, ph.d., ved Syddansk Universitet. Han har vigt mykje av karrieren sin til

spørsmål som gjeld forholdet mellom Noreg og Danmark og var mellom anna ansvarleg for 1814-programmet til *Fondet for dansk-norsk samarbeid*. Glenthøj fortel at språkleg proteksjonisme i stor grad er ei sak for den politiske høgresida i Danmark.

– Dei som er opptekne av å bevare dansk språk og snakk har høgt om det, vil ein spesielt finna innanfor Dansk Folkeparti, og også til ein viss grad innanfor De Konservative. Å høyra til dømes unge høgt utdanna dansk med andre allmennpolitiske orienteringar prata om dette som ei sak, vil vera svært uvanleg. Det gjeld særleg om dei orienterer seg til venstre for midten. Slike haldningar ville ikkje

*I Danmark har det ikkje vore nokon indre språkstrid på 150 år. Den vart avslutta allereie i 1864.*

Rasmus Glenthøj,  
lektor, ph.d., ved Syddansk Universitet

passa inn i biletet ein i Danmark har av folk på venstresida. Språkrøkt, altså å prøva på å styra, ta vare på og verna språket, det er ikkje eigentleg noko ein synest ein skal gjera.

Og det kan vera grunnar til at Dansk Folkeparti får ha kampsakene sine i fred. Representantane til partiet er nemleg ikkje redde for å provosera. Mellom anna har den tidlegare nemnde kultur- og skulepolitiske talspersonen Ahrendtsen presentert ein teori om kvifor kvinner på venstresida er meir liberale til innvandring enn han meiner dei burde vera, i eit innlegg på nettstaden fyens.dk: «Nogle gange tænker jeg på, hvorfor venstreorienterede kvinder synes, det er så berigende at



**NÆRE, MEN LIKEVEL FJERNE:** Det har utvikla seg store skilnader på kven som vil verna om nasjonalspråka i dei skandinaviske landa.

Foto: Colorbox

importere mellemøstlige mænd med et forældet og ofte farligt kvindesyn, og jeg kan ikke slippe tanken om, at der ligger en urgammel undertrykt seksuel drift og lur er i disse kampkvinder. Draget som de er af et lønligt håb om en omgang *Fifty Shades of Grey*. Av andre utspele kan det nemnast at tidlegare leiar i partiet, Pia Kjærsgaard, har lagt skulda for valnederlaget tidlegare i år på det ho kallar «klimatullingar».

Rasmus Glenthøj seier det er stor skilnad på Noreg og Danmark i synet på språkleg proteksjonisme, og at skilnaden har historiske forklaringar.

– Den indre språkkampen i Noreg, altså kampen mellom bokmål og nynorsk, har halde språkspørsmålet varmt hos dykk. I Danmark har det ikkje vore nokon indre språkstrid på 150 år. Den vart avslutta allereie i 1864, ved den andre slesvigske krig, då Danmark måtte avstå mykje land med mange tyskspråklege til Tyskland. Når det ikkje lenger fanst tyskspråklege i Danmark som kjende seg som tyske, hadde ein ikkje noka indre språkleg spenning, og då vart språkspørsmålet ein mindre viktig del av nasjonsbygginga. For sosialdemokratane i Danmark har til dømes språk aldri vore noko sak i det heile.

Nasjonale synspunkt og ideo-logiar er meir mangfaldige enn mange trur, seier Glenthøj.

– Det nasjonale er ein kompleks storlek som har ein tendens til å bli forbunde med høgresida. Men det nasjonale kan koplast opp mot alle ideologiar, også dei på venstresida.

#### – Lite interesse for språkvern

Til skilnad frå dei andre skandinaviske landa har Sverige ei språklov som gjev eit visst vern for svensk språk. I lova står det mellom anna, i § 5: «Som huvudspråk är svenska samhällets gemensamma språk, som alla som är bosatta i Sverige ska ha tillgång till och som ska kunna användas inom alla samhällsområden.» Men korleis står det eigentleg til med interessa for språk i landet?

Dick Harrison er professor i historie ved Lunds universitet. Han meiner, som fleire andre historikrar og statsvitnarar *Norsk Tidend* har vore i kontakt med, at den politiske interessa for språk i Sverige er svært lita. Harrison meiner den jamne svensken ikkje opplever det svenska språket som truga.

– Sverige var ei stormakt på 1600-talet og vart verande Nordens sterkeste stat inn på 1900-talet. Det svenska språket har difor aldri hatt nokon naturleg fiende.

Om nokon skulle engasjera seg i språkproteksjonistiske spørsmål i Sverige, er det den politiske høgresida, meiner Harrison.



**FOLKETINGSREPRESENTANT:** Alex Ahrendtsen er kultur- og skolepolitisk talsperson i Dansk Folkeparti og representerer partiet på Folketinget.

Foto: Nils Svalebøg, Jysk Fynske Medier

– Det politiske partiet som dette er ei mest nærliggjande sak for, er Sverigedemokraterna. Slik den politiske situasjonen er i Sverige, hadde det vore svært politisk ukorrekt for venstresida å krevja sterke tiltak for å verna om det svenska språket. Eg har veldig, veldig vaniskeleg for å førestilla meg at noko menneske der skulle koma på den idéen.

På nettstaden til Sverigedemokraterna kan ein mellom anna lesa

dette: «Sverigedemokraterna vill styrke svenska språket ytterligare, inom både det offentliga og det privata, vare sig det gäller ren informationsförmedling eller medborgardialog. Därför vill vi se över språklagen.» Det er historiske forklaringar på at språk ikkje er ei sak for venstresida, meiner Harrison.

– Språkspørsmål er nasjonalt ladda, og i Sverige har nasjonalismen sidan slutten av 1800-talet blitt forbunden med konservativ

Regjeringen vil gi norsk språk lovfestet status og sterkere vern:

## Norsk språk må styrkes

Ny språklov er bra, men ikke nok. Det må utformes en nasjonal språkpolitikk med sterke virkemidler enn det myndighetene har i dag.




NY SPRÅKLØV: Kulturminister Trine Skei Grande (V) vil gi norsk bedre vern. Foto: Terje Bendiksby / NTB scanpix

INNOMENDE | 27. AUGUST 2019 kl. 9:15

Avt. Dagbladets lederredaksjon

**RADIKAL SPRÅKRØKT:** I Noreg har kultur- og likestillingsminister Trine Skei Grande støtte for ein offensiv språkpolitikk hjå mellom andre den kulturradikale avisar Dagbladet.

Skjermdump frå dabladet.no



**SVENSK SPRÅKVITAR:** Olle Josephson er professor emeritus i nordisk språkvitskap og tidlegare direktør for Språkrådet i Sverige.

Foto: Mikael Nyberg

– Eg vil faktisk meina at Sverige er det landet i Skandinavia der språk har minst symbolverdi.

*Olle Josephson,  
tidlegare direktør i Språkrådet i Sverige*

politikk på høgresida. I Noreg vart det som kjent tvert om, der vart nasjonalismen eit radikalt prosjekt.

### – Meir nyansert

Olle Josephson er professor emeritus i nordisk språk ved Stockholms universitet og tidlegare direktør i Språkrådet i Sverige. Han er samd med Dick Harrison i at interessa for språk ikkje er stor hjå *medelsvensson*.

– Språket har ikkje på langt nær den same symbolverdien i Sverige som i Noreg, eg vil faktisk meina at Sverige er det landet i Skandinavia der språk har minst symbolverdi. Den jamne svensken har eit pragma-

tisk forhold til språk. Me har rett nok sett ei auka interesse for språk generelt dei siste femten-tjuen åra, men eg trur ikkje ein kan seia at det gjeld spørsmål som handlar om språkvern.

Josephson meiner likevel biletet av kven som vil engasjera seg i språkvern i Sverige, er noko meir nyansert enn Dick Harrison vil ha det til.

– Om ein brukar ordet *proteksjonisme*, er det nok rett at dette ikkje er ei sak andre enn høgresida hadde hatt så lyst til å ta i. Og det er rett at språkvern mot engelsk har vore ei sak som mange forbind med krefter på den politiske høgresida, først og fremst Sverigedemokraterna. Men

det finst òg dei på den politiske venstresida i Sverige som tek til orde for vern av svensk mot anglisering. Eit døme har vi i foreininga *Språkförsvaret*, ein frivillig organisasjon som jobbar for saka. I den finst det mange folk på venstresida.

Språkengasjerte svenskar på venstresida vil vera nøye med å ikkje bli sett i bås med høgresidenasjonalistar i språklege spørsmål, seier Josephson.

– Eit forsvar for svensk ville alltid koma saman med eit forsvar for vern av immigrantspråk. Det er for å sikra at kritikken blir retta mot anglosaksisk kulturimperialisme og monokultur, og ikkje mot fleirspråkligheit.

Sjølv om Olle Josephson ikkje utelukkar språkleg engasjement på venstresida, meiner han at det engasjementet for språkvern som Sverigedemokraterna har vist, kan hindra andre parti i å uttala seg om saka.

– Det har faktisk vore ein diskusjon i Sverige om Sverigedemokraterna har lagt beslag på spørsmål som gjeld den svenska kulturarven. Den diskusjonen har ikkje spesifikt handla om språk, men om andre svenske kulturuttrykk. Eit døme er at Sverigedemokraterna for nokre år sidan føreslo at ein skulle gjeninnføra undervisning i svensk folkedans i skulen. Den svenske folkemusikk-



**HØGREPOPULISTISK SPRÅKRØKT:**  
Dansk Folkeparti og Sverigedemokraterna  
har uttrykt ønske om å gje nasjonal-  
språka eit sterkare vern.



**NORSK HISTORIKAR:** Svein Ivar Angell er professor i historie ved Universitetet i Bergen. Foto: Universitetet i Bergen

rørsla var svært negativ til Sverigedemokraterna sitt syn på folkedans og folkemusikk, med grunngjevinga at folkemusikken er ein del av noko internasjonalt som heile tida får impulsar utanfrå. Ein liknande debatt kunne absolutt tenkjast å oppstå i saker som gjeld språk og. Eg meiner det er påfallande kor lite interessert det politiske sentrum og venstresida er i å prata om spørsmål som gjeld den svenske kulturarven.

#### – Større språkleg engasjement i Noreg

Svein Ivar Angell er professor i historie ved Universitetet i Ber-

*Den norske tospråkssituasjonen gjer til dømes at me har eit pågående offentleg ordskifte om norsk språk.*

*Svein Ivar Angell,  
professor i historie ved Universitetet i Bergen*

gen og har arbeidd mykje med spørsmål som gjeld nasjon og nasjonsbygging. Han meiner det er tvillaust at det er større engasjement for språk i Noreg enn i Sverige og Danmark.

– Språk er viktig for fleire her i landet. Noreg er ein ung nasjon, og det gjer at det norske språket er knytt til identiteten vår på ein heilt annan måte enn i naboland. Den norske tospråkssituasjonen gjer til dømes at me har eit pågående offentleg ordskifte om norsk språk. Gjennom språkstriden har me også fått eit institusjonelt

apparat med medlemsbaserte masseorganisasjonar som jobbar for språk, som Noregs Mållag, og noko slikt finn du jo ikkje i naboland våre. Dette meiner eg også er forklaringa på eit større engasjement i kampen for å unngå domenetap for nasjonalpråket enn i Sverige og Danmark.

Angell presiserer at ein òg i Noreg vil finna folk frå fleire politiske ståstedar som pratar norskens sak.

– Inntrykket mitt frå innsida av akademia er at synspunktet i større grad lèt seg dela inn etter

fagleg enn politisk tilhørslle. Svein Ivar Angell meiner likevel det heilt klart er skilnad på korleis nasjonalismen har arta seg i Noreg, sett opp imot Sverige og Danmark, og at det kan påverka kven som uttaler seg positivt om saka.

– I Noreg vart nasjonalismen fyrt og fremst, om enn ikkje berre, eit radikalt og samfunnsomformande prosjekt. Eitt utslag av dette er at ein framleis finn dei fremste forsvararane av nynorsk i partia frå sentrum og utover på venstresida. I Sverige og Danmark tok nasjonalismen andre former. Det er difor ikkje overraskande at det er dei høgrenasjonalistiske fløypartia i Sverige og Danmark som i stor grad har teke eigarskap til spørsmålet om språkleg proteksjonisme.

Tidlegare kulturminister Linda Hofstad Helleland frå Høgre ytra eit offentleg ønske om å verne om norsk kultur medan ho var statsråd. Svein Ivar Angell meiner utspelet var mislukka og eit døme på at det norske klimaet er annleis enn i naboland.

– Utspelet vitna om eit forsøk frå høgresida på å monopolisera omsorga for norsk kulturarv. Men det går ikkje, for i Noreg er det fullt mogeleg både å vera radikal og samstundes forsvarar av den norske kulturarven, mellom anna den språklege.

ASTRID MARIE GROV  
[astrid.grov@nm.no](mailto:astrid.grov@nm.no)



## Ivar Aasen-tunet



[aasentunet.no](http://aasentunet.no)



## Olav H. Hauge-senteret



[haugesenteret.no](http://haugesenteret.no)

## Handlenett.no



Handlenett.no er nettbutikken til Ivar Aasen-tunet, Olav H. Hauge-senteret og Vinje-senteret.

[post@handlenett.no](mailto:post@handlenett.no) / 70 04 75 70



**FESTPELDIKTAR:** Carl Frode Tiller las ein ny tekst med musikk frå gitarist Stian Westerhus under festspelopninga.

Foto: HumbersetFoto

# Fulle amfi på Dei nynorske festspela

Den 28. utgåva av **Dei nynorske festspela** blei avvikla med fulle uteamfi kvar kveld.

— **DET ER STORT** å få vere den første festspeldiktaren frå Trøndelag.

Dette har vore ein fantastisk festival på alle måtar. Gode programpostar, vakre og velorganiserte rammer i Aasen-tunet og avslappa stemning blant hyggelege folk. I slike omgivnader kjenner ein seg vel, til og med på scena, seier Carl Frode Tiller, som var festspeldiktar i år.

### «Sagt» på Dei nynorske festspela:

#### MARIA PARR:

Eg har ikkje stira særleg grundig i solepytten dersom eg stiller meg opp her som stemmetalar på Aasen-tunet og prøver å framstå som marginalisert. EG er ikkje marginalisert. Eg har blitt gitt eit språk som gir meg makt. Forteljinga om nynorsk er ei forteling om ein underdog, ja, men eg er ingen underdog. Språket mitt har aldri vore ei hindring. Det har alltid vore det motsette. Det er ein av premissane for at eg kan fortelje.

#### MARIA PARR:

Å kunne fortelje er å bli synleg. Det er å plutseleg ha definisjonsmakt.

#### ANDERS AANES:

Sett under eitt er forteljinga om Ivar Aasen ei eineståande spennande historie som har i seg så mange ulike element.

#### KJERSTI MJØR:

Også eg, som er oppvachsen på ein ferjekai i Indre Hardanger, er eit barn av bokmålsveldet.

#### KJERSTI MJØR:

Ingenting slår å kyssa med si eiga tunga, og eg er utruleg takknemleg overfor han som gav oss vårt eige språk, så først på takkelista står Ivar Aasen. Takk, Ivar!



# nynorske festspela

Temaet for festspela i år, som gjekk av stabelen midt i juni, var «Forteljingar». Programansvarleg Olav Øyehaug Opsvik i Aasen-tunet seier at temaet har blitt spegia i litteratur, musikk og samtaler.

– Eg synest vi lykkast spesielt godt med å framheve ulike sider av

samisk kultur i år, som har vore eit poeng i høve UNESCO si markering av året for urfolksspråk, seier han.

Over 6.000 publikumarar besøkte festspela. Dette er det nest høgste publikumstalet dei siste åtte åra.

NPK

## TRUDE LUNDEVALL:

Faktisk har eg hatt mange kundar som har kome til oss nettopp fordi me brukar nynorsk i marknadsføringa vår.

## THOR GJERMUND ERIKSEN:

Du kjenner deg mindre åleine viss den som snakkar til deg, snakkar ditt språk, og miljøet liknar på ditt.

## SOLVEIG BARSTAD:

Ingen skildrar vestnorsk liv som Kjersti Mjør. Ho får tagale hardingar i tale. Ho får tytete bergensrar til å tenkje. Og etterpå skaper ho ordkunst av det ho finn og gjer historiene nære og relevante for alle.

## KRISTIN FRIDTUN:

Språkhistoria er full av forteljingar som skal hjelpe oss med å forstå kva språket har vore gjennom.

## LODVE SOLHOLM:

Nynorsk er eit språk for alt. Du kan lære matoppskrifter, bli skremd i ein grøssar, rørt av ein raplåt eller bli dømt på nynorsk.

## IRENE STANA:

Eg vil nyitta anledninga til å takka dei fantastiske medarbeidarane mine i Floke som held ut med nynorskmasen mitt.

# Glad for meir Språkråd-makt i språklova

Språkråd-direktør Åse Wetås er godt fornøgd med at regjeringa vil gi Språkrådet meir makt i framlegget til norsk språklov sjølv om dei ikkje får sanksjonar å slå i bordet med.

– **EG ER VELDIG GLAD** for at lova eksplisitt omfattar Språkrådet som organ, og at lova omtaler sentrale arbeidsoppgåver som vi gjerne ønskjer oss ei styrking av, seier direktør Åse Wetås i Språkrådet til Nynorsk pressekontor.

I det lovframlegget som kulturminister Trine Skei Grande (V) sende ut på høyring i august, foreslår regjeringa å lovfeste tilsyns- og rettleiingsrolla til Språkrådet overfor offentlege organ, og vil òg gi statsorgana plikt til å gi Språkrådet opplysningar til bruk i tilsynsarbeidet.

Men sanksjonar i form av gebyrstraff eller anna får dei ikkje. Det er eit punkt Trine Skei Grande ventar debatt om.

## – Godt stalltips

– Det trur eg er eit veldig godt stalltips frå kulturministeren. Dette har allereie vore debattert mykje, mellom anna i samband med val av namn på statlege verksemder og i kva grad statlege verksemder skal ha plikt til å rette seg etter krava i dagens mållov. Det er absolutt ein debatt eg trur det blir fint å få, og som det skal bli interessant å sjå resultata av, seier Wetås.

Men Språkrådet får uansett utvida armslag i språklova, understrekar språkdirektøren.

– Ei lovfesting vil i seg sjølv gjøre det enklare for oss å handheve til



**GLAD FOR NY SPRÅKLOV:** Ein gledesdag for alle språkinteresserte, seier språkdirektør Åse Wetås om framlegget til språklov.

Foto: Hallvard Østrem / NPK

dømes kravet til statsinstitusjonar om at dei må følgje rettskrivinga og tilby allmenta norsk på ein god måte, enten det gjeld namneval eller innhaldsproduksjon. Lovfestinga styrker i seg sjølv involveringa vår og rettleiinga vår overfor institusjonane, seier Wetås.

## – Ein gledesdag

Framlegget til språklov er meint å erstatte mållova samtidig som statusen til andre språk som det offentlege har ansvar for, blir lovfesta.

– For Språkrådet er det veldig gledeleg at det no kjem ei heilskapleg språklov som omfattar både norsk, norsk teiknspråk, dei samiske urfolksspråka og dei nasjonale minoritetsspråka. At alt dette blir femna av éi lov, det styrker statusen til alle desse språka, seier Wetås.

– Det er ein gledesdag for alle som er interesserte i språk, og for alle dei som har språkinteresser som dei opplever som trua eller under press.

## Det Norske Teatret har fått nytt billettfond

Takk vere eit samarbeid mellom Det Norske Teatret og Kavlfondet kan ei rekke organisasjonar no søkja om billettar for å gå i teater.

– Vi håpar dette kan føra til at personar som kanskje elles ikkje har høve til å gå i teater, no får gjera det, seier informasjonssjef Ida Michaelsen ved Det Norske Teatret til Nynorsk pressekontor.

Kavlfondet eig Kavli og Q-Meiene og har i meir enn 50 år delt ut pengar til allmennyttige formål.

Både ideelle, frivillige og humanitære organisasjonar kan søkja om billettar gjennom det nye billettfondet. Ordninga omfattar derimot ikkje skuleklassar, men Det Norske Teatret viser til at det har eit eige OBOS-billettfond for skular.

NPK

## – Universiteta må skjerpe nynorskbruken

**Iselin Nybø**, forskings- og høgare utdanningsminister (V), seier at universiteta skjerpe seg. Bruken av nynorsk er for dårlig.

Det har i sommar vore fleire saker om den låge nynorskprosenten ved universiteta. Ifølgje mållova har universiteta krav om å bruke minst 25 prosent nynorsk i alt skriftleg materiale, men den prosenten er dei fleste universiteta langt unna, ifølgje tal frå Språkrådet.

Nybø seier til *Stavanger Aftenblad* at ho har fått med seg nyheitene om nynorskbruk ved universiteta.

– No er det skjerpings. Bruken av nynorsk er for dårlig over heile sektoren, seier ho til avis.

Nybø seier vidare til avisat at ein må passe på presset frå engelsk språk, og ha fokus på at det er eit krav om nynorsk. Ministeren har ikkje nokon konkrete tiltak for augneblinken, men vil sjå på det. Ho vil at universiteta skal bli betre på norsk språk i begge målformer.

Tala frå Språkrådet viser at ni av ti universitet ikkje oppfyller krava i mållova. Dei fleste er langt unna kravet, ifølgje Khrono.

NPK

SPRÅKFORSKARANE I BEFOREIGNERS:

# – Ein gutedraum i

**Den norskspråklege serien** om framvandrarar frå ulike tider som hamnar i Oslo, har teke verda med storm. For å skape truverde har språket vore heilt sentralt.

– **VI ER SPRÅKNERDAR**, inspirerte av Tolkien. Denne typen oppgåve har vore ein gutedraum som har gått i oppfylling, fortel Julian Kirkeby Lysvik, og ser bort på kollegaane sine rundt bordet i det kvite seminarrommet på Blindern.

Saman med André Nilsson Dannevig og Alexander K. Lykke har han skapt og rekonstruert språka som no lyder på TV-skjermar rundt heile landet i den norskspråklege HBO Nordic-serien *Beforeigners*.

Dei har gjort det mogeleg for karakteren Alfildr å banne på norrønt, skapt aksenten til steinaldermannen Namn, og sørgt for at 1800-tals overklassen ikkje snakkar som Ibsen skriv.

#### Jakta på fagfolk

– For oss var det ganske openbert at det å jobbe med språk kom til å verte veldig viktig, forklarar Anne Bjørnstad då Framtida.no møter ho på ein kafé i Oslo.

Saman med Eilif Skodvin har ho skrive manuset til *Beforeigners*, serien som tek føre seg kva som skjer dersom flyktningar byrjar å kome frå fjerne tider i staden for fjerne stadar. Første spørsmålet dei

stilte seg, var: Korleis skal ein få sjåarane til å tru at desse menneska kjem frå ei anna tid?

Då vart språket ein nøkkel.

Dei tre språkforskarane legg ikkje skjul på at det har vore mykje arbeid det siste året. Ikkje berre har dei sett om replikkar til språk som er anten konstruerte eller rekonstruerte, men dei har også spelt inn uttalen på lydfiler som skodespelarane brukar. Dei tok på seg Bjørnstad si utfording med brask og bram, men det skulle løysast på toppen av deira eigne kvardagsjobbar.

– Heile prosessen med arbeidet vi har gjort, starta eigentleg med steinalderfolket, fortel Lysvik.

Det første dei vart bedne om, var å skape ein aksent til steinalderfolket. Framvandrarane frå kring 8000 f.Kr. snakkar ikkje mykje mesolittisk, eller *surhes* som er det mesolittiske namnet, i den første sesongen. Dei har lært norsk, men treng ein felles aksent som gjer at sjåaren skjønar at dette er ei homogen gruppe.

– Då sette vi oss eigentleg berre ned hjá Julian med burgar og øl, og tok føre oss norsk. Vi tenkte: Kva trekk frå andre språk kan ein tenkje seg hadde vorte overførte til norsk, om ein lærer norsk som eit andre-språk, forklarar Lykke.

– Det som var viktig her, var at vi ville lage ein aksent, men dei må ikkje høyrist ut som ei typisk innvandrargruppe. Det skal ikkje vere slik at når du hører dei snakke, så tenkjer du «ah, finsk» eller «ah, fransk», for å ta språk på F, seier Lysvik til latter frå dei to andre.

Dei jobba såleis baklengs. Dei leitte etter lydar som gjorde at aksanten skilde seg ut, fann alternativ og diskuterte med Anne Bjørnstad.

Bitane byrja å falle på plass då Eilif Skodvin i manuset var kreativ med ordstillinga, og fann ut at også steinalderfolket er ein smule kreative i språket:

– Dei lagar mykje nye ord. Dei seier ting som at det er *unok* i staden for *ikke nok*, forklarar Bjørnstad.

Samstundes gjer tonefallet mykje av jobben, fortel Julian Lysvik. Det er flatt, men søkk på slutten av settingane.

#### – Enklare å ta meg

Då aksenten var på plass, tok Lysvik over stafettspinnen på mesolittisk. Samstundes tok Lykke ansvar for norrønt, og Dannevig fekk i oppgåve å forme 1800-talsnorsk.

Medan Lysvik konstruerte eit språk frå botnen av, så har Alexander K. Lykke hatt ei heilt anna oppgåve. For norrønt språk har ein veldig mange kjelder tilgjengelege.

Når karakteren Alfildr og hennar skjoldmøy-kollega Urðr pratar



**FORTID OG NOTID:** Nicolai Cleve Broch spelar politimannen Lars Haaland i serien, ein heilt vanleg Oslo-borgar. Krista Kosonen spelar politikvinna Alfildr som er framvandra frå vikingtida.

Foto: Eirik Evjen/HBO Nordic

saman, så føregår det på faktisk norrønt.

– Så det er veldig mykje enklare å ta meg, seier Lykke og ler.

– Om eg gjer ein feil, så kan du gå i ei grammatikkbok og sjå at «ah, Alexander – der skulle det vore ein a og ikkje ein i!».

Det har likevel vore langt frå ein enkel jobb Lykke har hatt.

– Det finst inga ordbok der du kan slå opp: Kva heiter busk på norrønt? seier Lykke, og legg til:

– Det heiter vel *runnr*, når eg tenker meg om.

Men der finst ordbøker med nor-

*Det hadde vore kjipt som lingvist å vere den som fekk dei til å prate ibsensk eller dansk i ein serie – for noko tull.*

André Nilsson Dannevig

# i oppfylling



**ENGASJERTE SPRÅKVITARAR:** Språkforskarane (frå høgre) Alexander K. Lylle, André Nilsson Dannevig og Julian Kirkeby Lysvik på Universitetet i Oslo.

røne ord han aktivt har nytta i arbeidet, som *Johan Fritzners Ordbog over Det gamle norske Sprog*. Lykke har henta ord derifrå, og når det er behov for nyord, har han mått konstruere nyord basert på reglane i språket.

## Lingvisten som fekk ibsenisk på fjernsyn

I sitt arbeid med 1800-tals norsk møtte André Nilsson Dannevig også liknande utfordringar.

– Du skal høre at desse menneska er frå 1800-talet. Det må ikkje høyast ut slik som Nicolai Cleve Broch sin karakter Lars Haaland pratar.

Språket kan heller ikkje vere for likt dansk, då dei jo ikkje snakka dansk på 1800-talet. Samstundes vert det kunstig om karakterane snakka som i Ibsen sine verk, fortel Dannevig.

– Det hadde vore kjapt som lingvist å vere den som fekk dei til å prate ibsenisk eller dansk i ein serie – for noko tull.

Eit av grepene Dannevig gjorde

for å sikre at språket skilde seg ut utan å verte rart, var å sørge for at eideomsord nesten alltid kjem før substantiv.

Når dottera i serien kjempar for russetida si, så snakkar stefaren hennar frå 1800-talet om «ditt overgangsrite» ikkje «overgangsritet ditt». Han vil alltid leite etter «mine brillar» ikkje «brillene mine».

Samstundes har Dannevig lagt inn nokre særord, trass i at dei nok ikkje var vanlege på 1800-talet. Difor kan du nok høre ordet «pibe» nemnt.

## «Dette ordnar vi»

Dei tre språkforskarane har gått oppgåvene uredde i møte. Det var likevel ei utfordring som fekk Julian Lysvik til å tvile:

– Vi fekk ein e-post frå Anne om vi kunne setje om til gamalsamisk. Eg tenkte at dette nok er ei oppgåve som er for stor for oss.

Dei eldste skriftlege kjeldene vi har på samisk, og det er nokre få ord, er frå 1600-talet. Dette skulle vere samisk frå 1000-talet.

Etter litt forskarleit enda dei opp med å kontakte professor emeritus ved UiO, Rolf Theil, om omsetningsarbeidet til gamalsamisk.

– Eg skreiv: Eg antek at dette er meir eller mindre umogeleg, men viss det lèt seg gjere. Og han svara i ein fantastisk e-post: Nei, dette trur eg ikkje er umogeleg i det heile teke, fortel Lysvik.

Professoren hadde nettopp skrive ein artikkel om samiske låneord frå urnordisk. Theil fekk tilsendt replikkane, og tilbake fekk dei gamalsamisk frå 1000-talet, rekonstruert etter vitksapelege prinsipp.

Dei var ikkje åleine om å få hakeslepp:

– Eg trudde dei hadde dikta opp gamalsamisen, men då dei fortalte det var rekonstruert, då fekk eg gásehud, fortel Anne Bjørnstad.

Ho rosar språkforskarane ho har hatt på laget for alltid å strekkje seg lenger, og gjere meir enn ho har bede om.

## Språknerdar frå nord til sør

Manusførfattar Bjørnstad er også open om at det har vore ein utruleg krevjande og omfatande jobb å lage *Beforeigners*.

– Men det er utruleg tilfredsstillande når det fungerer så bra som det har gjort.

– Eg er jo stolt av det. Tenk på alle dei vikingseriane og -filmane som er laga i verda – det er jo ingen av dei der vikingane snakkar sitt eige språk, seier Bjørnstad.

Serien har slått an, ikkje berre i Noreg, men også i utlandet. Manusførfattaren fortel at ho har lese haugevis av kommentarar på Twitter, og spanske og katalanske meldingar av serien. Dei les ho i Google Translate, og får ho dobbel moro: at dei likar serien, og Google Translate sine små omsetningsblemmer.

Samstundes har ho vorte merksam på kor mange som vert fengda av språka. Sjølv har ho alltid vore oppteken av språk, ho har studert engelsk eitt år og russisk i to, men ho har mest trudd det var ein sær ting ho likte. Med *Beforeigners* har ho fått tilbakemeldingar frå drøssevis med likesinna.

– Overalt er det folk som seier «eg er jo språknerd, difor likar eg serien», og eg tenker «endå ein språknerd – så kult!».

BENTE KRISTIN  
RUNDREIM KJØLLESDAL  
[bente@framtida.no](mailto:bente@framtida.no)

Teksten er forkorta.



KATHRINE NYGÅRD  
teiar i Kringkastingsringen

## Framsnakk nynorsk, journalistar!

**FOR MINORITETAR FLEST** er det majo-riteten som bestemmer kva som er rett og gale og set ein standard for normene. Baksida med å vere ein minoritet er at ein stadig må kjempe kampar som majoritetten slepp, eksempelvis må homofile vakte rettigheitene sine i den store raude boka for ikkje å miste dei. Har du nokon gong hørt om den heterofile mannen som måtte passe på at lova ikkje endra seg, så han ikkje kunne gifte seg med draudemama? Neppe.

**UTAN SAMANLIKNING, MED** unntak av at både legning og språk på sett og vis er viktige identitetmarkørar for fleire, vil eg likevel driste meg til å seie at ein minoritet er ein minoritet – og vegen til aksept og respekt er soleis den same.

**EG HØYRER STADIG** vekk fleire journalistar, særleg frå byane, argumentere for kvifor nynorsk ikkje er så viktig. Som om nynorsk var eit slags utdøyande fenomen som ein berre må ta omsyn til ved særskilte høve.

**TO AV DEI** mest utslitte argumenta er: «Dei aller fleste unge i Oslo brukar ikkje nynorsk, så kvifor skal me då skrive på eit språk dei ikkje vil lese?» og «Det kjem inn så mange stygge kommentarar når me legg ut postar med nynorsktekst». Og ja, eg har faktisk sett eit par av desse «stygge kommentarane» sjølv, for eksempel under kommentarfeltet til «nrknyheter» på Instagram. Det gjer meg trist fordi det syner at vi som journalistar ikkje er flinke nok til å bruke nynorsk i mediebildet – slik at unge blir eksponerte for begge målformer og kjende med språket.

**OM EIN GIR** etter og lèt vere å kjempe fram nynorsk i redaksjonen på bakgrunn av kommentarar og tilbakemeldingar frå publikum, meiner eg at journalistikken sviktar språkmangfaldet fullstendig. Å gi etter for press frå majoritetar gjer at minoritetten betaler prisen, og det er å ikkje få sitt eige språk representert i mediebiletet.

**SJØLV OM DET** er eit redaksjonelt ansvar på topp, hadde eg ynskt at fleire journalistar tok opp kampen for nynorsk og gjekk ei ekstra mil for å tekste det éine bokmålsinnleggjet på nynorsk eller å omsetje den éine bokmålteksten til nynorsk. Om alle tek på seg dette ansvaret for å framsnakke nynorsk internt, er eg sikker på at ringverknadane er store. Det unge publikummet må bli eksponerte for nynorsk for at dei skal få ein varm og velkjend relasjon til språket, særleg unge som er våre komande journalistar og redaktørar.

– Norsk språkhistorie inneholder for mange feil til å oppfylle målet om å vere det beste referanseverket for den norske språkhistoria, seier **Sverre Stausland Johnsen**, professor i nordisk språkvitskap. Han meiner verket byggjer for lite på dokumentert kunnskap om norsk språk.

# Storverk om norsk språkhistorie får kritikk

**I FJOR VAR** Norsk språkhistorie ferdig, eit storverk i fire band og eit samarbeidsprosjekt mellom mange av dei fremste språkforskarane i Noreg. No får verket kritikk av Sverre Stausland Johnsen, professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo. I ein lang artikkel i fagtidsskriftet *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* har han nyleg gått ut og kritisert Norsk språkhistorie for å ha store manglar.

## – Påstandar som lét seg prove som feil

– Det er mange framleggingar om både språkdrag og språkendringar i den norske språkhistoria som rett og slett er feil. *Norsk språkhistorie* har blitt marknadsført som det nye faglege referanseverket for norsk språkhistorie, men redaktørane oppnår ikkje det målet når det er såpass mange feil der.

Stausland Johnsen presiserer at det er viktig å skilje mellom fagleg usemje, som han også presenterer i artikkelen i *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, og faktiske feil.

– Ein kan ha ulike oppfatningar om mange teoretiske spørsmål, men somme konkrete påstandar lét seg prove som feil. Eit døme på det er når det står at gammal sørøstnorsk ikkje

– *Det er mange framleggingar om både språkdrag og språkendringar i den norske språkhistoria som rett og slett er feil.*

**Sverre Stausland Johnsen,**  
professor i nordisk språkvitskap  
ved Universitetet i Oslo




hadde i-omlyd i sterke verb, for det finn me dokumentert i gamle tekstar.

Forfattarane byggjer for lite på det som allereie er skrive om norsk språk, seier Stausland Johnsen. Han trekker fram skildringa av taletmålsutviklinga i norsk som eit døme.

– Boka skil ikkje mellom det som er opphavleg norske taletmålsdrag, og det som har kome inn utanfrå, hovudsakleg frå dansk, men òg frå svensk. Alle taletmålsdraga i norsk blir framstilte som om dei er nedervde frå gammalnorsk, men det er dei ikkje. Det blir til dømes skrive at genitivkonstruksjonar folk brukar i dag om dei skal snakke litt «fint», som «bygdas ordførar», er ein direkte arv frå genitiv i gammalnorsk. Men i nynorsk språkhistorieskriving er det semje om at genitiv-s er noko som har døydd ut i norsk, og så kome inn att i nyare tid via dansk skriftspråk. At genitiv-s har døydd ut, er dokumentert både av Ivar Aasen og Gustav Indrebø, så det burde òg ha stått i *Norsk språkhistorie*.


## – Ikke unikt for *Norsk språkhistorie*

Stausland Johnsen meiner forfattarane kunne haft god nytte av å ta utgangspunkt i eldre framstillingar av norsk språkhistorie.



*– Mange verk om norsk språkhistorie og norsk talemål har blitt skrivne innanfor ein nynorsk tradisjon, og som eit ledd i målkampen. Det kan nok gjere at ein del fagfolk vegrar seg mot å bruke dei, sjølv om det som står der, absolutt fagleg sett held mål.*

Sverre Stausland Johnsen,  
professor i nordisk språkvitskap ved Universitetet i Oslo



– *Norsk målsoga* av Gustav Indrebø er den beste skildringa av norsk språkhistorie og *Norsk grammatikk* av Ivar Aasen er den beste skildringa av norsk talemål. Diverre byggjer framstillinga i *Norsk språkhistorie* for lite på desse verka. I syntakspaltelet i boka finn ein til dømes ikkje ei einaste tilvising til *Norsk grammatikk* av Ivar Aasen. Det gjer at forfattarane må gå over bekken etter vatn. Dei prøver å finne døme i gamle bygdemåltekstar, men det dei er på jakt etter, kunne dei lett funne hjå Aasen.

Den mangelfulle behandlinga av språkhistoria er ikkje unik for *Norsk språkhistorie*, seier Stausland Johnsen.

– Eg har sett fleire døme på at påverknaden frå andre språk blir underkommunisert i bøker om norsk. Men i og med at *Norsk språkhistorie* gjev seg ut for å vere eit referanseverk, meiner eg det er meir alvorleg i dette tilfellet.

Det tette bandet mellom norsk språkvitskap og nynorsk gjer at mange av dei eldre språkhistorieverka ikkje blir sett på som så aktuelle som dei ein gong gjorde, meiner Stausland Johnsen.

– Mange verk om norsk språkhistorie og norsk talemål har blitt

*– Eg har sett fleire døme på at påverknaden frå andre språk blir underkommunisert i bøker om norsk.*

Sverre Stausland Johnsen,  
professor i nordisk språkvitskap  
ved Universitetet i Oslo

skrivne innanfor ein nynorsk tradisjon, og som eit ledd i målkampen. Det kan nok gjere at ein del fagfolk vegrar seg mot å bruke dei, sjølv om det som står der, absolutt fagleg sett held mål. I tillegg er Aasen og Indrebø gamle, og Indrebø er kanskje ikkje den beste framstillinga pedagogisk sett.

#### **– Drøftar ikkje premissen**

Faktiske feil er ikkje det einaste Stausland Johnsen har å innvende mot *Norsk språkhistorie*. Forfattarane hoppar fleire stader for raskt til konklusjonen, synest han.

– Det verkar som at forfattarane har kome til somme av framstillingane med visse faste synspunkt, og så følgjer konklusjonen av det. Til dømes slår forfattarane fast at språket ikkje er eit naturfenomen. Årsaka til at dei kjem til den konklusjonen, er at dei først har definert naturfenomen som alt som ligg utanfor menneskesinnet. Det er slett ikkje ein opplagd definisjon av naturfenomen, og ein eg til dømes vil vere usamdi i. Dei burde difor ha skrive noko om kvifor dei har valt nettopp den definisjonen, men det står det ikkje noko om.

Også i synet på dialektutvikling meiner Stausland Johnsen at Norsk

språkhistorie konkluderer på eit sviktande grunnlag.

– Forfattarane meiner at språkhaldninga har lite eller ingenting å seie for språkendringsprosessar i Noreg. Hovuddelen av argumenta kjem frå spørjeundersøkingar dei sjølv har vore med på, der dei spør folk om visse haldninga til språk. Dei viser mellom anna til spørsmål som «Kva dialektar trur du folk generelt i Noreg meiner har høg status?» og «Kva dialektar synest du er fine?». Når rangeringa på desse spørsmåla ikkje stemmer med korleis talemåla utviklar seg, konkluderer dei med at haldninga ikkje har noko å seie. Men eg meiner at ingen av spørsmåla er særleg relevante for å finne årsaka til språkendringar. Det eg meiner er relevant å spørje om, og godt kan tenkjast å påverke kvifor talemål endrar seg, er kva folk synest er kult. Men det spør dei ikkje om.

ASTRID MARIE GROV  
[astrid.grov@nm.no](mailto:astrid.grov@nm.no)

Hovudredaktørane for *Norsk språkhistorie*, professorane Helge Sandøy og Agnete Nesse ved Universitetet i Bergen, har fått sjå utsegnene frå Stausland Johnsen, men vil ikkje kommentere dei i denne saka.



Foto: ukjend / NTB Scanpix

# FOLKEMÅLS-JURISTEN

Han var ein uvanleg gåverik og arbeidsam kar, den tredje leiaren i Noregs Mållag. Jussprofessoren **Nikolaus Gjelsvik** (1866–1938) skal ha mykje av æra for at rettsmålet her i landet vart norskare og meir forståeleg.

«Rettstankane er jamnast enkle og klaare i seg sjølv. Det gjeld berre aa gjeva dei ei enkel og klaar form. Eller klæda dei i ein folkeleg bunad, so dei ikkje vert altfor avkjennelege. Det norske folkemalet er her til stor hjelpe, naar ein berre lærer seg til aa nytta ut dei fyrremunene det hev.»

Dette skreiv Nikolaus Gjelsvik i innleiinga til *Juridisk ordliste* frå 1929. Det er ikkje utan grunn at Gjelsvik har blitt kalla grunnleggjaren av det nynorske rettsmålet. Arbeidet hans for eit norskare rettsmål har flytt idelet for godt norsk rettsspråk reint ålment, og juristar har framleis mykje å lære

av Nikolaus Gjelsvik og dei språklege idealet han sette opp.

#### Jussprofessor og politikar

Bondesonen Nikolaus Mathias Gjelsvik frå Vevring i Sunnfjord miste bære foreldra tidleg. Mora døydde dagen etter han fylte 14 og faren drygt to veker seinare. Som foreldrelaus, men gåverik, fekk Gjelsvik økonomisk stønad til å gå gymnas i Stavanger og synte seg å vere ein uvanleg kapasitet. Han studerte juss og vart ein framståande rettsvitenskapsmann gjennom virket som universitetsjurist og professor i rettsvitenskap frå 1906 til 1936. Dei første tiåra av 1900-talet var han i lange periodar òg leiar

i Det Norske Samlaget, Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag, delvis samtidig. I alle tre laga gjorde han mykje viktig arbeid for målsaka. Mellom anna blir han rekna for å vere sjølv arkitekten bak landsgymnasa, som vart oppretta ved lov frå 1914 og skulle gje bygdeungdom lettare tilgang til utdanning.

Som andre universitetsjuristar i samtida var Gjelsvik også aktiv i politiske spørsmål. Framfor alt markerte han seg i striden om den svensk-norske unionen på slutten av 1800-talet. Her argumenterte han folkerettsleg for eit fullstendig norsk sjølvstende i utanriksstyret. Det var denne lina som til slutt

vann fram, og som sprengde unionen. I 1905 var han òg sekretær under Karlstad-forhandlingane som avslutta unionen mellom Noreg og Sverige.

#### – Vekk med latinen

Gjelsvik tok til som dosent ved Universitetet i Oslo i 1897, og han var den fyrste på fakultetet – og den andre på heile universitetet – som underviste på landsmål. For Gjelsvik var arbeidet med språket ein svært sentral del av den juridiske gjerninga. Han såg på landsmålet som sjølvre nykelen til eit betre og klarare rettsmål.


Kva var det så som var så gale med dei rettslege tekstane på byrjinga av 1900-talet, meinte Nikolaus Gjelsvik? Det korte svaret er det han kalla «det latinske stilgrunnlaget». Gjelsvik meinte at rettsmålet, som anna skriftmål, skulle være enkelt og lett å forstå. Det latinske stilgrunnlaget, som hadde etablert seg via tysk og dansk, ført til at rettsmålet ofte var vanskeleg og innfløkt. Ved å skrive om mange utdrag frå juri-

**TIDLEG FORELDRELAUS:** 14 år gammal måtte Nikolaus Gjelsvik følge både mora Malene og faren Øystein til grava – med knappe tre vekers mellomrom. Begge skal ha døydd av tuberkulose. Frå ministerialboka for Førde, Haukedalen, Holsen, Naustdal og Vevring sokn

1880				Begravede	
M	Den spesielle Dødsdag.	Begravd. fra-De-tun.	Dra. begravdes fulle Navn og Stand.	Års.	Døp-hold-festd.
30	12 aprile 17 døde	U	Malene eldste datter.	47 år	Gjelsvik
31	39 døgne 5 døde	U	Øystein Olsen -	56	Gjelsvik

*Med døma sine viste Gjelsvik korleis det norske stilgrunnlaget «gjev fint mål og lett mål», som han skreiv i **Von og veg**, i motsetnad til det latinske.*

Latinsk stilgrunnlag:	Norsk stilgrunnlag, etter Gjelsvik:
Den gode tro, hvoraf hævd afhænger, maa være en god tro uden uagt somhed. ( <i>Von og Veg</i> : dansk omsetjing av latinsk tekst)	Den gode tru som er vilkår for hevd, må vera ei aktsam god tru.
For grove forseelser kan skolestyret straks fjerne en lærer eller lærerinne fra sin virksomhet i skolen, inntil avskjedigelse kan finne sted, eller dom bli erhvervet. Vedkommende nyder full lønn, inntil forholdet er påkjent ved endelig dom, eller avskjedigelse har funnet sted ( <i>Von og Veg: lov om folkeskulen i bygdene frå 1889 § 34 tredje avsnitt</i> )	Ein lærar som er saka i grov misferd, kann skulestyret straks setja ut or skulearbeidet, til dess det kann gjeva han avskil eller få dom i saki. Læraren får si fulle løn til det fell endeleg dom eller til han får avskil.
Lagtingets Medlemmer tilligemed Høiesteret udgjøre Rigsretten, som i første og sidste Instants dømmer i de Sager, som af Odelstinget anlægges, enten mod Statsraadets eller Høiesterets Medlemmer, for Embeds-Forbrydelser, eller mod Storthingets Medlemmer, for de Forbrydelser de, som saadanne, maatte begaae. ( <i>Grunnlova av 1814 § 87 fyrste avsnitt</i> og framlegg til nynorsk Grunnlov, Gjelsvik)	Lagtinget saman med høgsterett er riksretten. Han er fyrste og siste domstolen i dei sakerne, som odelstinget reiser anten mot riksraadar eller mot domarane i høgsteretten fyr embættsbrot, eller mot stortingsmenn fyr brotsgjerningar, som dei i sitt umberd vert saka i.
Hvor ikke annet uttrykkelig er avtalt i nærværende kontrakt, kommer sjøfartslovens bestemmelser samt ved siden herav de for ruten kunngjorte av lokale hensyn dikterte særbestemmelser til anvendelse. ( <i>Von og Veg</i> : frå eit fraktbrev)	For slike høve som denne avtala ikkje gjev nokon serleg regel um, gjeld fyresegnene i sjølova, og dessutan dei serreglane som er kunngjorde for ruta av lokale omsyn.
Bruket overtas etter den kjøpesum og for øvrig på de vilkår det er overdradd for. ( <i>Von og veg</i> : <i>jordlova frå 1928 § 43 fyrste punktum</i> )	Bruket vert yverteke etter kjøpesummen og dei andre vilkåra i avhendingssavtala.
Paa Uld af Stjaalne Faar kan der, hvis den er afklippet hos Tyven, ikke vindes Hævd; er den derimod afklippet hos en godtroende Kjøber, forholder det sig modsat: eftersom den hører til Udbyttet, behøver man ikke engang faa Hævd paa den, men den bliver strax Kjøberens. Det samme menes at gjælde for Lammene — og dette er rigtigt. ( <i>Juridisk ordliste</i> : dansk omsetjing av tekstu av den romerske juristen Ulpian)	Paa ull av stolne sauher kann folk ikkje vinna hevd, dersom ho er avklift hjaa tjuven. Er ho derimot avklift hjaa ein godtruande kjøpar, er det onnorleis. Han vinn daa straks eigedomssrettem til ulli, sidan ho høyrer til fruktene. So hevd trengst ikkje eingong. Det same meiner dei gjeld um lambi — og det er rett.



**NORSK RETTSMÅL:** Gjelsvik la fram mange synspunkt om korleis rettsmålet kunne bli norskare i Von og Veg frå 1938.

diske tekstar frå dansk og bokmål til nynorsk viste Gjelsvik korleis rettsmålet vart enklare og betre med norsk stilgrunnlag. Bruken av genitiv, innskotssetningar og lange setningsrekjjer var noko av det Gjelsvik tok føre seg. Mange av døma vart presenterte i *Juridisk ordliste* (1929) og *Von og veg* (1938).

Med døma sine viste Gjelsvik korleis det norske stilgrunnlaget «gjev fint mål og lett mål», som han skreiv i *Von og veg*, i motsetnad til det latinske. Gjelsvik sjølv såg på det norske stilgrunnlaget som ei rettleiing for eit betre rettsmål, ikkje som absolutte reglar. Som alle juridiske tolkingslærer, avslutta han med i *Juridisk ordliste*, må ho «brukast med vit».

#### Arven etter Gjelsvik

«Kvarf folk som vil taka vare på seg sjølv, bør taka vare på minnet um sine store menn. Nikolaus Gjelsvik var ein av det norske folks store søner, ein hovudmann i råd og i dåd,

ein framgangsmann og ein fyretenkjingsmann.»  
Slik skildra ein av studentane til Nikolaus Gjelsvik, Knut Robberstad, læremeisteren sin i føreordet til minneskriftet om han. Robberstad tok opp arven etter Gjelsvik på fleire måtar, for han vart både professor i rettsvitenskap og seinare leiar i Noregs Mållag. Knut Robberstad gjorde òg ein markant innsats for å gjere nynorsk til eit viktig juridisk språk, mellom anna skreiv han fleire lærebøker og omsette lover til nynorsk.

Den av studentane til Gjelsvik som står for den viktigaste enkelt-hendinga i kampen for nynorsk rettsmål, er Ketil Skogen. Seinare sorenskrivar og stortingspolitikar

Skogen vart den fyrste som valde å skrive juridisk embeteksamen på landsmål, i 1909. Den gongen

**GJELSVIKSTUDENT:**  
Byste av Ketil Skogen ved Gvarv stasjon i Telemark.  
Foto: Asbjørn Ribe

*Grunnsynet til Gjelsvik har vunne fram i den offentlege forvaltninga etter 1945. No er ein enklare og meir folkeleg stil høgt prioritert i offentleg målbruk og i rettsmålet.*

var det ikkje lov, sjølv om det alt fanst ei lov på landsmål.

«Det vert fortalt at [Skogen] på førehand gjekk til professor Gjelsvik og innvigde han i den vågale planen. Responsen til Gjelsvik var at 'det kan du ikkje gjera, for det er ikkje lov'. Skogen heldt fast ved forsettet sitt og sa 'eg gjer det likevel'. Gjelsvik, som må ha vore redd for at eit juridisk talent skulle gå tapt med ein strykkarakter, skal ha sprunge etter den sta studenten og ropa: 'Eg hev åtvvara Dykki!'. Skogen skreiv likevel sine elleve eksamensoppgåver på landsmål hausten 1909, og skreiv så godt at fakultetet lét han stå. Eksamens-kommisjonen skal ha notert på ei av oppgåvene at hadde ho vore skriven på menneskemål ville ho visstnok ha vore god.» (Frå artikkelen «Til kamp! Nynorsk som rettsspråk før, no og i tida som kjem» i jubileumsheftet *Mål og rett – Juristmållaget 75 år* av Jørn Øyre hagen Sunde)

I arbeidet for eit norskare språk følgde Ketil Skogen òg i fotspora til Gjelsvik. Då Skogen skipa kraftlag i heimkommunen Sauherad, fekk sambygdingane merke kva han hadde lært. «Beröring av ledningene og deres befestelse er forbundet med livsfare», stod det på kraftstolpane i bygda. Med Ketil Skogen vart det rett og slett heitande: «Livsfarleg å koma innåt».

Sjølv om det norske rettsspråket ikkje alltid er i tråd med prinsippa til Nikolaus Gjelsvik, har iallfall ideala hans om kva eit godt rettsspråk er, slege rot. I *Hovuddrag i norsk språkhistorie* skriv Arne Torp og Lars S. Vikør at grunnsynet til Gjelsvik har vunne fram i den offentlege forvaltninga etter 1945. No er ein enklare og meir folkeleg stil høgt prioritert i offentleg målbruk og i rettsmålet. Universitetet i Oslo tilsette i 2018 den første vitskapleg tilsette juristen som har til oppgåve å jobbe med eit klarare juridisk språk. «Merket det stend, um Mannen han stupa», skreiv Per Sivle. Det er ikkje tvil om at det gjeld for Nikolaus Gjelsvik.

ASTRID MARIE GROV / EIRIK HOLMOYVIK

Teksten tek utgangspunkt i artikkelen «Nikolaus Gjelsvik og rettsmålet» av Holmøyvik i jubileumsheftet *Mål og rett – Juristmållaget 75 år* frå 2009.

Eirik Holmøyvik er professor i rettsvitenskap ved Universitetet i Bergen.



#### BAUTA I SUNNFJORD:

«Han reiste det norske rettsmålet  
Gud evigt signe Norigs land,  
det er mitt siste ord»,  
står det på minnesteinen som vart reist på heimstaden Vevring i Sunnfjord i 1941.

Foto: Arild Nybø

# «Den dag kjem aldri →»

NT VERNG

Det er mange skuleelevar som er misnøgde med at dei må lære nynorsk. Dei har meir enn nok med å lære bokmål; nynorsk har dei ikkje bruk for, og vil heller ikkje få bruk for, meiner dei.

Den negative haldninga til nynorsk kjem truleg av at dei ikkje kjenner til alt det vakre som er skrive på nynorsk, ikkje minst songar og dikt. Nynorskdiktaren Elias Blix (1832–1902) har skrive nasjonalsalmen vår «Gud signe vårt dyre fedreland» og vårsalmen «No livnar det i lundar». Det finaste kjærleiksdiktet er skrive på nynorsk. Det er Aasmund Olavson Vinje (1818–1878) sitt dikt, «Den dag kjem aldri at eg deg gløymer». For borna har Per Sivle (1857–1904) skrive den vakre songen «Den fyrste song eg høyra fekk». Ivar Aasen har skrive mange vakre dikt. Frå seinare tid har me m.a. diktaren Olav H. Hauge. Garborg, Vesaas og mange andre har skrive fine bøker på nynorsk. I dag er Jon Fosse ein framståande forfattar som skriv på nynorsk. Lærer ein nynorsk, vil ein kunne ha glede av den fine nynorske litteraturen.

I offentleg teneste er bokmål og nynorsk jamstilte, jf. lov om målbruks i offentleg teneste frå 11.4. 1980. Dei som vil arbeide i det offentlege må kunne både bokmål og nynorsk.

For lettare å lære nynorsk burde halvparten av dei obligatoriske lærebøkene vore på nynorsk. Då ville elevane lære seg nynorsk ved å lesa nynorske lærebøker, ikkje berre ved å lesa teori om nynorsk mål og grammatikk.

Men nynorskesamen kunne gjerast mindre krevjande. Eksamens i begge målformer kunne avgrensast til munnleg eksamen, medan elevane ved skriftleg eksamen kunne velja å skrive to stilar på bokmål eller to på nynorsk. Men då slik at den som skriv stil på begge målformer, får dobbelt poeng for nynorskstilen. Det kan få så mange som råd er til å velja å skrive stil på nynorsk. Det kan vera ei hjelpe for dei som treng ekstra poeng for å koma inn på studium med høge poengkrav. Samstundes ville ei slik ordning vera ei hjelpe for elevar som kvir seg for å skrive nynorsk sidan dei kan velja å halde seg til bokmål skriftleg.

Men det vel her som elles i livet: Der det er vilje, er det veg!

Sverre Thune

## Jørgen Dahl

NT MINNEORD

Jørgen Dahl har gått bort. Han var styremedlem i Varanger mållag i fleire periodar. Varanger mållag har ved hans bortgang mista ein entusiastisk, engasjert og kunnskapsrik styremedlem.

Jørgen var språkinteressert, han var generelt interessa i språkrøkt og hadde ei særlig interesse for stadnamn. Han var oppteken av stadnamna sitt opphav og betydning. Han var lenge aktiv i og leiar for Fortidsminneforeningen i Finnmark og var framleis aktiv i Vadsø historielag då han vart sjuk. Jørgen delte gjerne kunnskapen sin og engasjementet sitt med oss. Vi kjem til å sakna Jørgen, det store engasjementet, dei gode idéane og det gode humøret hans.

Vi vil takka Jørgen Dahl for at han delte kunnskapen sin og engasjementet sitt med oss. Vi lyser fred over minnet hans.

Styret i Varanger mållag

Foto: Noregs Mållag



GODE VERVARAR: Øyvind Fenne i Hustadvika Mållag og Kari Hølmo Holen i Mållaget Ivar Kleiven har lukkast med

# No må du

Hausten er høgsesong for verving. Frå 1. oktober gjeld nyinnmeldingar også for neste år, og derfor er det ekstra gunstig å verva no. Om Noregs Mållag når 13 500 medlemer, er det det **høgste medlemstalet på 30 år.**

### MEDLEMSAUKEN I NOREGS

Mållag har vore stor dei siste åra, og ein viktig grunn til det er god innsats på vervefronten. 13 000 medlemer er om lag 3000 fleire enn for ti år sidan, og det høgste medlemstalet sidan 1991. Leiar Magne Aasbrenn er full av lovord om arbeidet mange av lokallaga gjør.

– Den innsatsen lokallaga legg ned for å skaffa nye medlemer, er heilt avgjeraande for organisasjonen. Eg er særleg imponert over at mange av dei små laga utanfor det nynorske kjerneområdet ligg langt framme på vervestatistikken. Det er heilt framifrå.

Kjenner du som les dette, nokon du kan verva? Til no i år har 12 546 betalt medlemspengar, og det er eit særskilt utgangspunkt for å slå tidlegare rekordar. Me drøymer om å slå medlemstalet frå 1990 på **13 473** medlemer, og det kan gå.

### Den store vervedagen

1. oktober blir den store vervedagen – der alle kan vera

med på å verva så mange som mogeleg på éin dag. Rekorden frå 2017 er 50 medlemer. Om lokallaget ser at det høver betre å ta vervedagen helga før eller etter, er det ingenting i vegen for det. Stå på stand, bruk Facebook, eller fordel ringeansvar i styret. Det verste som skjer, er at folk seier nei når dei vert spurde.

### Vervetevlinga 2019

For å motivera til vervearbeidet blir det organisert som tevling mellom lokallaga. Vervetevlinga gjeld nyvervningar gjennom heile året, og dei ti lokallaga som får flest heilt nye medlemer til sitt lokallag, vert premierte med bokpakker. Dei nye medlemane må ha betalt på slutten av året for å telja. Etter års-skiftet er det registrert over 400 nye medlemer, og her er lista over dei lokallaga som til no har fått flest nye medlemer (betalte og ubetalte) i 2019. Det skal lite til å koma inn på topp ti!

Lokallag	Nye medlemer
Bergen Mållag	15
Bærum Mållag	14
Lista Mållag	13
Suldal Mållag	13
Karmøy dialekt- og mållag	12
Stord Mållag	11
Tingvatin Mållag	9
Fitjar Mållag	9
Oslo Mållag	8
Mållaget i Kristiansand	8
Borgund Mållag	7
Vestre Slidre Mållag	6
Sandefjord og Sandar Mållag	6
Stavanger Mållag	6
Time Mållag	6
Arna Mållag	6
Jondal Mållag	6
Ullensvang mållag	6
Askøy Mållag	6
Vik Mållag	6
Hareid Mållag	6

Medlemstalet til lokallaga påverkar både utsendingsrettar til landsmøtet i 2020 og medlemspengerefusjonen til dei med eigen lokallagssats.



Foto: Privat

vervinga og gjev gode tips til korleis lokallaga kan jobba med å få nye medlemer.

# verva!

**Her får du tips frå nokre supervervarar om korleis lokallaget ditt kan bli ein av vinnarane av årets verve-tevling.**

1 *Kva skal til for å bli ein god vervar?*

#### Hustadvika Mållag v/leiar Øyvind Fenne:

Vi vil råda til å prøva ulike metodar. Gjerne laga ei liste med folk du kontaktar per e-post, SMS, Messenger eller Facebook. Folk du veit eller trur er nynorskbrukarar, målvenlege eller interesserte i norsk språk. Vi har gjerne kombinert dette med info om eit lokallag som har noko å tilby attå det å auka medlemstalet i Noregs Mållag. Vi har fått dei fleste medlemene på denne måten.

#### Mållaget Ivar Kleiven v/leiar Kari Hølmo Holen:

Mållaget Ivar Kleiven har verving som tema på styremøte, på opne møte og på drøfting på årsmøte og på årsplanen. På styremøta drøftar vi kven som kan vere aktuelle, og fordeler vervinga på alle i styret. Elles må ein våge å spørje folk, og det er sjølv sagt ein fordel med eit aktivt lag.

2 *Ein kjenner seg fort litt sjenert i vervesituasjonen. Kva er råda dykkar mot det?*

#### Hustadvika Mållag:

Desse «indirekte» metodane er jo lettare å ty til enn å spørja direkte andlet til andlet eller på telefon. Men dei er effektive likevel. Ein kjenner seg lite brydd på den måten. Men direkte spørsmål på arbeidsplassen, i nabolaget eller på stand, går ofte betre enn ein trur.

#### Mållaget Ivar Kleiven:

Det er nok lettare å spørje om ein har eit aktivt lag og kan vise til aktivitet og ein årsplan, men også vise til at det er viktig at vi har flest mogleg medlemmar om folk ikkje ønskjer å vere så aktive. Vi har eit krav om at folk som blir valde inn i styret, skal vere spurd først og seier seg viljuge. Ein del kan vegre seg for medlemskap da dei anten ikkje ønskjer å engasjere seg eller allereie har mange verv. Elles er det viktig at ein fordeler oppgåvene, også når det gjeld verving.

3 *Er det best å verva folk på stand med lokallaget eller «sivilt»? Kvifor?*

#### Hustadvika Mållag:

Vi har lite røynsle med verving frå stand og meiner det ligg eit stort potensial i å laga namnelister, gjerne som ein dagnad. Vidare ber vi medlemmer om tips om kven vi kan verva. Vi sender alltid med info om at folk kan bli medlem gjennom å senda 'Nynorsk' til 2490. Oppsummert: Det viktigaste er at folk får spørsmålet om å bli medlem, men det kan skje på mange måtar, gjennom ulike kanalar.

#### Mållaget Ivar Kleiven:

Vi har så vidt prøvd stand, men opplever at det er like så enkelt å spørje folk i ulike situasjonar, på møte og der ein treffer dei elles. Vi har også ei fjesbokside, og har fått innmelding via den. Vi opplever at fordi vi har ein årsplan og følgjer den, er det mange som ser at laget er aktivt – og med ønske om å ta vare både på nynorsk og dialekt når ein mange. Men det er ikkje slik at medlemmane strøymer på, vi har også ei utfordring i å få med fleire yngre.

#### HEIDERSMEDLEM OG

#### PRISVINNAR PÅ HADELAND:

Hadeland dialekt- og mållag har utnemnt **Else Randi Kvåle** som heidersmedlem og **Øyvind Kvernvol Myhre** som vinner av *Dialektprisen 2019 for Hadeland*.

#### ROGALAND MÅLLAG 100 ÅR:

Neste år er **Rogaland Mållag** 100 år. Frå torsdag 26. mars til og med søndag 29. mars 2020 inviterer Rogaland Mållag til ei festhelg for å feire sine første 100 år. Vi gler oss!

#### MINNESTEIN OVER MONS

**LITLERE:** Naustdal Sogelag og Naustdal Mållag har gått saman om å få laga ein minnestein på Sanden i Naustdal. I august var det markering med avduking. Naustedølen **Mons Litleré** var ein av dei største pionérane i fremjinga av nynorsk språk og litteratur på slutten av 1800-talet. I 1886 starta han Norskmalets Bokhandel i Naustdal som den første bokhandelen i landet med formål om å spreie litteratur på landsmål.

#### FEIRING AV IVAR AASEN:

Meland vart det feira at **Ivar Aasen** fylte år mandag 5. august. Ved bysta av han i Meland vart det eit spontant kaffibesøk med målfolk frå Lindås, Meland og Radøy. Det vart servert kaffi, bollar, lefse og sjokolade, attå allsong, trekspelamusikk og tre gonger tre hurra.

#### ÅRSMØTE I TELEMARK:

Det blir årsmøte i Telemark Mållag på **Eidsborg i Tokke** laurdag 28. september. I tillegg til vanlege årsmøtesaker vil saka om nytt prisnippoprogram stå sentralt.

#### MOTIVASJONSDAG FOR

**LÆRARAR:** Bærum Mållag, Fylkesmållaget Vikværingen, Noregs Lærarmållag og Oslo Mållag gjentek suksessen frå

tidlegare og inviterer til nynorsk motivasjonsdag på Det Norske Teatret onsdag 16. oktober. Mållaggruppa er lærarar i mellomsteget i barneskulen og i ungdomsskulen. **Inga Marte Thorkildsen**, byråd for oppvekst og kunnskap i Oslo, ynskjer velkommen til samlinga.

#### HAUSTSEMINAR I

**AUSTMANNALAGET:** Austmannalaget inviterer til haustseminar laurdag 9. november i **Gausdal**. Hovudemne for dagen er aktivitet i laga og organisasjonsbygging.

#### PRIS TIL NORSK MÅLUNGDOM:

Norsk Målungsdom har nyleg fått **Skjervheimprisen** på 60 000 kr. Dei får prisen for «arbeidet dei har gjort og gjer for det nynorske språket», heiter det i grunngevinga.

#### MÅLPRIS TIL STEINAR

**ENGELBREKTSON:** Gloppe Mållag har gjeve målpris til **Steinar Engelbrektson**. Han spelar til dans i sjangeren dansbar country. Engelbrektson har selt tusenvis av plater, vore spelemannprisnominert. Den mest kjende låta hans er «På grunn av bagateller».

#### VALMØTE PÅ KARMØY:

Valkampen inviterte Karmøy dialekt- og mållag til valmøte på Karmøy. Dei inviterte alle partia som stilte til val. **Magne Aasbrenn**, leiar i Noregs Mållag, stilte med innleiing. På møtet var det også semje om å lage ein språkbruksplan for Karmøy kommune.

#### FORFATTARKVELD:

Mållaget i Kristiansand inviterer til opelagsmøte tysdag 19. november. Då skal forfattar **Tore Kvæven** fortelje om og lese frå bøkene sine, om skrivinga og om det norrøne Grønland.



**STAND I OSLO:** Oslo Mållag nyttet høvet til å markere nynorsk på stand midt i Valkampen i Oslo. Dei snakka med alle partia, og så delte dei også ut valflygeblad til dei som gjekk forbi.

Foto: Oslo Mållag



# SOGN DAL FOTBALL

## - på lag med nynorsken

stao no pao

SparebankenVest

Lerum



GUNNHILD SKJOLD  
leiar i Norsk Målungdom



**FRÅ SAMETINGET:** Mikkel Eskil Mikkelsen, politikar på Sametinget, vitja sommarleiren til Norsk Målungdom. Her saman med leiar Gunnhild Skjold.

Foto: Ingunn Vespestad Sveinsvåg / NMU

## Mange fann vegen til sommarleiren på Skogn

**PÅ SKOGN** Trøndelag samla målungdommar frå heile Noreg seg til den årlege sommarleiren. Nytt for året var at talet deltarar var mykje høgare enn andre år. Sommarleiren vart arrangert saman med Noregs Ungdomslag, noko som førte til at me målungdommar kunne prøve noko nytt. Anten det er teater og impro,

eller song og dans, var det mykje ein kunne prøve, som me ikkje finn på ein vanleg målungdomssommarleir.

### Urfolksspråkåret

Sommarleiren hadde temaet *urfolksspråk*, og av dei kursor målungdommen tilbaud, kunne ein mellom anna lære seg litt samisk. Kanskje enda viktigare var det at me fekk høyre om dei samiske språka og deira status i samfunnet. Mikkel Eskil Mikkelsen frå Sametinget kom og snakka mellom anna om urfolksspråkåret, og etterpå sa han at Målungdommen var velkommen til Sametinget. Me lærte også om språklova og kva som skjer framover med ho.

### Nye vennskap

Sommarleir er ikkje berre læring. Me drog til dømes til Stiklestad og såg eit framifrå spel – Arvesølvet – som lærte oss mykje lokalhistorie. Men det viktigaste ein gjer på sommarleir, er å bli kjent med ungdommar frå heile Noreg som har komme dit av akkurat same grunn som du. Du

vil få venner frå heile Noreg som også likar noko så nerdete som språkpolitikk.

Så kort oppsummert: Sommarleir er kjempegøy!

Om du nokon gong har tenkt at du vil vere med, men ikkje tør, bli med! Eg kan love deg at du ikkje vil angre. Du vil lære masse, møte nokon av dei kulaste folka i heile Noreg og få nye vennskap, som kanskje vil vare livet ut. Og viss ein uheldigvis var bortreist, kan ein jo alltid komme på haustkonferansen.

### Bli med!

Kvar kveld har me det viktigaste punktet på programmet: sosialisering. Anten du vil danse, spele ligretto til langt på natt eller ha djupe samtalar om alt mellom himmel og jord, kan ein det. Fritid og sosialisering er det punktet på programmet der moglegheita for vennskap aukar eksponentielt.

Så viss det er nokon der ute som har tenkt på å vere med, bli med!

INGVILD NESE

*Om du nokon gong har tenkt at du vil vere med, men ikkje tør, bli med! Eg kan love deg at du ikkje vil angre.*

## Vegen til den nynorske draumelæraren

**I NORSK MÅLUNGDOM** drøymer vi om at framtidas lærarar skal vere nynorske draumelærarar. Vi drøymer om lærarar som kan skrive god nynorsk. I tillegg har dei kunnskap om nynorskidatikk, språklege rettar og nynorsk fagterminologi. Men korleis er vegen til den nynorske draumelæraren?

**VI VIL STARTE** med lærarutdanningsane. Heldigvis deler vi draumen vår med Pedagogstudentene, studentorganisasjonen til Utdanningsforbundet. Dei ser at lærarutdanningane ikkje gir studentane den nynorskkompetansen dei treng for å bli gode lærarar. No jobbar vi saman, både sentralt og ute i lokallaga, for å gjere nynorskoplæringa i lærarutdanningane betre.

**I DAG ER** lærarstudentane prisgitt at dei møter ein lærarutdannar som brenn for nynorsk for å få god opplæring. Mange lærarutdanningar ventar at studentane meistrar begge skriftspråka når dei går ut frå vidaregåande, sjølv om vi veit at det ikkje stemmer. Det fører til at det er mange ferdigutdanna lærarar som ikkje meistrar nynorsk godt nok.

### DÅRLEG KOMPETANSE PÅVERKAR

også haldningar. Om lærarane ikkje er trygge i nynorsk, er det ikkje rart at dei blir negativt innstilte til nynorsk som sidemål. Slik kan det ikkje fortsetje. Det er gale nok at haldningane til læraren kan gi bokmålseleva eit därlegare tilhøve til nynorsk som sidemål, men endå verre er det om nynorskeleva blir utsette for ein lærar som ikkje likar hovudmålet deira.

**DENNE VONDE SIRKELEN** må vi bryte. Lærarutdanningane må endrast, så alle lærarstudentar får undervisinga dei treng for å meistre både nynorsk og bokmål. Det er nødvendig for at nynorskelevane skal få undervisinga dei har krav på. Det er også nødvendig for at lærarstudentane skal bli dei draumelærarane dei ønsker å bli – både for nynorsk- og bokmålseleva.

**OM ALLE LÆRARAR** skal bli nynorske draumelærarar, blir spørsmålet: Kva er stoda i dag, og kva må vi gjere for å nå målet? Det har vi prøvd å svare på i heftet Den nynorske draumelæraren. Heftet kan dokker finne på nettsida vår, eller ta kontakt med oss for å bestille. Norsk Målungdom og Pedagogstudentene skal gjere det vi kan, men fleire må med for å få til ein skilnad. Blir du med og kjempar for den nynorske draumelæraren?

gunnhild@malungdom.no

**Tusen takk!** Mellom 15. mai og 9. september fekk Noregs Mållag 316 450 kr i gåve. Målgåvene frå dykk er veldig viktige bidrag til arbeidet vårt. Vil du gje målgåve? Bruk gjerne giroen som følgjer med bladet, eller vipps eit valfritt beløp til 90540.

#### AUST-AGDER MÅLLAG

Sverre Aalvik  
Scott Aanby  
Hallvard Tveit Berg  
Rolf Fredriksen  
Jon Olav Gryting  
Knut Haugsetveit  
Knut K. Homme  
Gerd Fosse Hovden  
Oddgeir Jensen  
John Gustav Johansen  
Ragnar Kaasa  
Karl Kråkedal  
Jorunn Lande  
Hans-Olav Lauvstad  
Birgit Lidveit  
Jon Kolbjørn Lindset  
Tarald Myrum  
Rune Nylund  
Signe Alise Olstad  
Sigrid Bjørg Ramse  
Olav Riisland  
Kari Gerd Riisland  
Øystein Rød  
Vidar Toreid  
Johannes G. Torstveit  
Helge Ove Tveiten  
Olav Vehus  
Jens Vellene

#### AUSTMANNALAGET

Olaug Aaberge  
Ole Bjerke  
Oddbjørn Blakar  
Jon Steinar Bredeveien  
Jostein Brenden  
Susanne Ramstad Brenna  
Per Brumillom  
Solveig Bræk  
Ivar Bungum  
Ingvild Marie Eknes  
Inger Lise Fiskvik  
Harald Ove Foss  
Anders G. Fretheim  
Randi Therese Garmo  
Odin Hagen  
Olav Haraldseid  
Magnhild Harsheim  
Bjarte Hole  
